



# Øystre Slidre kommune

Sektor for kultur utvikling og næring

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

---

**Til:**

Finansdepartementet Postboks 8008 Dep 0030 OSLO  
Att: Statssekretær Kjetil Lund

Dykkar ref.:

Vår ref.:

MOELIV - 11/664

Arkiv:

232

Vår dato:

28.06.2011


## Høring om eiendomsskatten for kraftverk - uttalelse til Finansdepartementet.

Vedlagt følger samla saksframstilling frå behandlinga i kommunestyret

Med helsing

  
Liv Bodil Tyskeberg Moen  
møtesekretær

Kopi : LUK



# Øystre Slidre kommune

## Saksframlegg

Saksbehandlar:

Øivind Langseth

Arkivsaksnr: 11/664

Arkiv: 232

Tlf: 61 35 25 00

**Behandla av:**  
Kommunestyret

**Møtedato**  
23.06.2011

**Saksnr:**  
042/11

### Høring om eiendomsskatten for kraftverk - uttalelse til Finansdepartementet.

Utskrift til:

#### Vedlegg:

- Høyringsbrev frå finansdepartementet datert 15.04.2011 med "Høringsnotat om maksimums- og minimumsreglene i eiendomsskatten for kraftverk".
- LVK sitt utkast til høyringsbrev i saka datert 07.06.2011.

LVK sitt utkast til høyringsbrev i saka datert 07.06.2011.

Høringsnotat om maksimums- og minimumsreglene i eiendomsskatten for kraftverk

#### Bakgrunn for saka:

Finansdepartementet har med høyringsbrev av 15.04.2011 sendt notatet om maksimums- og minimumsreglene for verdsetting av kraftanlegg som eiendomsskatteobjekt på høyring. Fristen er sett til 15.07.2011.

Saksbehandlar finn at nemnde notat gjer greie for bakgrunn for at ordninga vart innført og går difor ikkje nærare inn på å beskrive bakgrunnen enn å repetere følgjande:

- Ordninga som i stand som ein følge av kraftskattereforma tiltake til 1997 og innføring av § 8 i eiendomsskattelova til å gjelde for kraftverk. Dette medførte ein overgang frå fastsetting av eiendomsskattetakst på grunnlag av omsetningsverdi til takst basert på lønssemnda i kraftforetaket. Ut frå lønssemnda til mange kraftverk ved innføringa av nye takseringsreglar rundt år 2000, vart det imidlertid også innført ein minimumsverdi for å hindre at nokre kommunar med dei nye takseringsreglane elles ville ha fått sterkt reduserte eiendomsskatteinntekter.
- Frå 2004 fekk vi dagens gjeldande minimums- og maksimumssatsar på hhv 0,95 kr og 2,35 kr pr. kWh.

Saksbehandlar vil elles særleg vise til innhaldet i tabell 2 i høyringsnotatet frå departementet som viser klart at eit system innført for å sikre kommunane mot reduserte

eigedomsskatteinntekter i tiltakande og vesentleg grad tvert imot bidreg til å redusere inntektene av eigedomsskatt til kommunane.

Det er gjort berekning på kva den einskilde kommunen tapar med dagens maksimumssats for fastsetting av eigedomsskatt. For ØS kommune er dette berekna til 102.000,- kr pr år. (Dette utgjær om lag 12 % av kommunen si samla inntekt av eigedomsskatt på kraftverk.)

I finansdepartementet sitt høyringsnotat, punkt 5, frå side 8 går det fram kva som er departementet si vurdering og framlegg kva gjeld maksimums- og minimumsreglane i eiendomsskatten for kraftverk. Kort oppsummert går departementet inn for følgjande:

1. Maksimums- og minimumsreglane for taksering av kraftverk i eigedomsskattesamanheng vidareførast.
2. For å oppretthalde realverdien på dagens satsar gjer departementet framlegg om at satsane justerast i åra framover. (Saksbehandlar si understreking.)
3. Departementet ber vidare om synspunkt på sitt forslag om å foreslå ein auke i risikotillegget i kapitaliseringsrenta.

### **Vurdering:**

Saksbehandlar vil nedanfor fremje forslag om at ØSK går inn for full avvikling av både minimums- og maksimumssatane fordi dette ikkje er i tråd med føresetnaden ved innføringa av eigedomsskattelova sin § 8 om overgang til eigedomsskattelegging av kraftverka ut basert på lønsemda i kraftforetaka.

Saksbehandlar vurderer elles ordninga med minimums- og maksimumssatsar slik at når ei ordning som i utgangspunktet vart etablert for å sikre kommunane mot reduksjon i eigedomsskatteinntektene, har utvikla seg til i staden å vere til eit stort hinder for at kommunane får ta del verdistingninga på elektrisk kraft i marknaden, så bør varselklokkene ringe også i finansdepartementet.

Som departementet gjer i høyringsnotatet, kan stillast opp mange konsekvensar av å fjerne den såkalla korridoren som maksimal- og minimumstakstane etablerer for eigedomsskatten. Saksbehandlar ser det slik at all problematisering som blir stilt opp som ein følge av å fjerne satsane er med på å komplisere saka unødig og minke fokus på det saka eigentleg gjeld, nemleg nivået på den etablerte eigedomsskatten. Saksbehandlar fryktar at dette også kan gje inntrykk av at denne skattearten er spesielt problematisk å handtere og slik sett vere eigna til å svekke eigedomsskatteinstituttet.

Sjølv om den berekna meirinntekta på om lag 102.000,- som ØSK går glipp av med gjeldande innretning for fastsetting av eigedomsskatten frå kraftforetak ikkje er av avgjerande betydning for kommunen sin økonomi, er det likevel viktig for ØSK å bevare eigedomsskatten som ein robust og sjølvstendig skatteart. Dette er sjølv sagt viktig for di det gjev lokalsamfunnet ein del av den verdiskapinga som utnytting av vasskraftressursane opnar for i andre delar av samfunnet.

### **Framlegg til vedtak:**

Øystre Slidre kommunestyre vil uttale følgjande til høyringsnotatet om maksimums- og minimumsreglane i eiendomsskatten for kraftverk:

1. Både minimums- og maksimumssatsane har etter Øystre Slidre si oppfatning utspelt si rolle og må fjernast frå og med 2012.

2. Øystre Slidre kommuneer negativ til departementet sitt forslag om ein einssidig auke i risikotillegget i kapitaliseringsrenta, men går i staden inn for at det innførast ei langsiktig og forutsigbar kapitaliseringsrente som kan moderere konsekvensar av bortfallet av maksimums- og minimumsverdiane.
3. Øystre Slidre kommune viser også til LVK sin førebelse høyringsuttale av 07.06.2011 og støttar dei vurderingar og forslag som der kjem fram.

### **23.06.2011 Kommunestyret**

#### **Behandling:**

Samrøystes vedteke.

#### **KS-042/11 Vedtak:**

Øystre Slidre kommunestyre vil uttale følgjande til høyringsnotatet om maksimums- og minimumsreglene i eiendomsskatten for kraftverk:

1. Både minimums- og maksimumssatsane har etter Øystre Slidre si oppfatning utspelt si rolle og må fjernast frå og med 2012.
2. Øystre Slidre kommuneer negativ til departementet sitt forslag om ein einssidig auke i risikotillegget i kapitaliseringsrenta, men går i staden inn for at det innførast ei langsiktig og forutsigbar kapitaliseringsrente som kan moderere konsekvensar av bortfallet av maksimums- og minimumsverdiane.
3. Øystre Slidre kommune viser også til LVK sin førebelse høyringsuttale av 07.06.2011 og støttar dei vurderingar og forslag som der kjem fram.

\*\*\*

Rett møtebok: *Liv B. Tepskeberg Mør*